



## **Møtebok for Sogndal kyrkjelege fellesråd**

**Møtedato:** 15.09.2021  
**Møtetid:** kl. 12:30  
**Møtestad:** Kvamsøy kyrkje og Sæle kyrkje

### **Til stades:**

Helge Ulvestad, Gunn Kjersti Bårdgard, May Kristel Bødal, Berit C. Orheim, Frode Bøthun, Vegard Bondevik Lie, Jorunn Merete Haukås-Eide.

### **Meldt forfall:**

Per Hilleren, Bjørn Skjeldestad, Jon Erling Oppedal, Elin Borlaug Hauge, Magne Ahlin.

## **Saker**

### **Sak 023/21 Synfaring på Kvamsøy kyrkje**

#### *Vedtak:*

Fellesrådet tek synfaringa og tilstandsanalysen til vitande og ber administrasjonen arbeide vidare med å få utført vedlikehaldsbehovet på Kvamsøy kyrkje.

### **Sak 024/21 Synfaring på Sæle kyrkje**

#### *Vedtak:*

Fellesrådet tek synfaringa av Sæle kyrkje til vitande, og tek orienteringa med i vidare planar, og ved behandling av budsjett og økonomiplan.

### **Sak 025/21 Rekneskapsrapport pr. 08.09.21**

#### *Vedtak:*

Sogndal kyrkjelege fellesråd tek rekneskapsrapporten pr.08.09.21 til orientering.

### **Sak 026/21 Budsjettinnspel 2022 til Sogndal kommune**

#### *Vedtak:*

Sogndal kyrkjelege fellesråd godkjenner framlegg til budsjettinnspel til Sogndal kommune for 2021, datert 13.07.2021, men der administrasjonen får fullmakt til å endre nokre formuleringar i budsjettinnspelet ut frå drøftingar i fellesrådsmøtet.



**Sak 027/21 Økonomiplan for 2022-2025**

*Vedtak:*

Sogndal kyrkjelege fellesråd vedtek framlegg til økonomiplan for 2022-2025.

**Sak 028/21 Korleis leggje opp arbeidet med høyringa om kyrkjeleg organisering**

*Vedtak:*

Fellesrådet ynskjer ei grundig drøfting av høyringa om framtidig kyrkjeleg organisering og vil ha høyringsdokumentet oppe til drøfting på dei to komande møta, 20. oktober og 17. november. Endeleg høyringsuttale blir samanfatta på det siste møtet og sendt innan høyringsfristen 1. desember 2021. Om dei fellesrådstilsette ynskjer å velje ein representant til å delta i drøftinga av høyringa saman med fellesrådet, er dei velkomne til det.

**Sak 029/21 Skriv og meldingar 15.09.2021**

*Vedtak:*

Fellesrådet tek skriva og meldingane til vitande.

Ekstrasaker som kom til:

**Sak 030/21 Høyring om endringar i Gravferdslova**

*Vedtak:*

Fellesrådet vel å ikkje gi høyringssvar på høyringa om endringar i Gravferdslova.

**Sak 031/21 OVF og Leikanger Prestegard**

*Vedtak:*

Fellesrådet vil ikkje tilrå Sogndal kommune å kjøpe Leikanger prestegard no, men avvente nærare behandling av rapporten, (som vart utarbeida av forhandlingsutvalet mellom OVF og Dnk), i Stortinget. Av eigedomane som OVF eig gjennom Leikanger prestegard, ynskjer fellesrådet at det arealet som ligg inne på Leikanger kyrkjegard vert ført over til kyrkja med Leikanger sokn som eigar. I tillegg ynskjer fellesrådet at bårehuset og den vesle parkeringsplassen framfor porten inn til Leikanger kyrkje, skal bli overført frå OVF til kyrkja/Leikanger sokn eller til Sogndal kommune sitt eige.

Før Sogndal kyrkjelege fellesråd

*Jorunn Merete Haukås-Eide*  
Jorunn Merete Haukås-Eide  
Kyrkjeverje i Sogndal

---

Underskrivarar

Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet.